


29. august 2000

Statistics Norway



Statistisk sentralbyrå

Aktuell utdanningsstatistikk

Grunnskolen i Noreg

Nøkkeltal 2000



Publisert i samarbeid med
Kyrkje-, utdannings- og
forskningsdepartementet.

4/2000

Aktuell utdanningsstatistikk

I Aktuell utdanningsstatistikk blir statistikk på ulike emneområde innafor utdanningsstatistikken publisert.

Hugs å gje opp kjelde: Aktuell utdanningsstatistikk/Statistisk sentralbyrå.

Ansvarleg seksjon: Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

Redaktør: Elisabetta Vassenden.

Redaksjonsmedarbeidrarar:

Tor Jørgensen, tlf. 62 88 52 69, e-post:
Tor.Jorgensen@ssb.no, Elin Såheim Bjørkli,
tlf. 62 88 51 06, e-post:
Elin.Saheim.Bjorkli@ssb.no, faks 62 88 52 89.

Redigering: Camilla Juvet.

Prisar: Per år kr 440,00 inkl. mva. Enkelt-
nummer kr 60,00 inkl. mva.

Spørsmål om sal kan rettast til :

Statistisk sentralbyrå, Salg- og abonnement-
service, N-2225 Kongsvinger, tlf. 62 88 55 00,
faks 62 88 55 95,
e-post: salg-abonnement@ssb.no.

ISSN 1500-4295
F-4057

Elektronisk formidling

Forutan papirutgåva finst publikasjonen i elektronisk versjon under SSB si webteneste på Internett. Adressa er <http://www.ssb.no>. Tabellane kan lastast ned i Excel.

Andre tabellar

Spesialtabellar kan tingast frå Statistisk sentralbyrå.

Standardteikn

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vannrette serien	
Retta sidan førre utgåve	r
Desimalskiljeteikn	,(.)

Innhald

I Oversiktsdel

1. Innleiing	3
2. Skolar	5
3. Klassar i grunnskolen	7
4. Elevar i grunnskolen	8
5. Ressursinnsatsen i grunnskolen	13

II Temadel

6. Undervisningspersonalet	16
7. Kompetansen til undervisningspersonalet	19

Vedleggstabellar

1. Del skolar, etter skolestorleik (elevtal). 1997/98-1999/2000. Prosent	22
2. Del elevar, etter skolestorleik (elevtal). 1997/98-1999/2000. Prosent	22
3. Klassar og elevar, etter klassetrinn og talet på trinn i klassen. Skoleåret 1999/2000	22
4. Klassar og elevar med eitt eller fleire klassetrinn i klassen, etter klassetrinn. Skoleåret 1999/2000	23
5. Klassar, etter klassetrinn og kommunestorleik (elevtal i kommunen). Skoleåret 1999/2000	23
6. Elevar, etter klassetrinn og kommunestorleik (elevtal i kommunen). Skoleåret 1999/2000	23
7. Elevar som får spesialundervisning, etter kjønn og tildelte timetal. Skoleåret 1998/99	24
8. Del elevar som får spesialundervisning, etter skoleslag. Skoleåra 1994/95-1998/99. Prosent	24
9. Del elevar som får spesialundervisning, etter skoleslag og kjønn. Skoleåra 1994/95-1998/99. Prosent	24
10. Elevar som får spesialundervisning, etter kjønn og tildelte årstimar. Skoleåra 1996/97-1998/99. Prosent	24
11. Elevar i alt og elevar som får spesialundervisning, etter kjønn. Skoleåret 1998/99	24
12. Elevar med mormålsopplæring og timer per elev. Skoleåra 1992/93-1999/2000	25
13. Elevar med særskild norskopplæring og timer per elev. Skoleåra 1997/98-1999/2000	25
14. Elevar i alt og elevar med særskild norskopplæring, etter skolefylke. Absolutte tal og prosent. Skoleåret 1999/2000	25
15. Elevar i alt og elevar som får mormålsopplæring, etter skolefylke. Absolutte tal og prosent. Skoleåret 1999/2000	26
16. Elevar som får særskild norskopplæring, timer i alt og timer per elev, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000	26
17. Elevar som får mormålsopplæring, timer i alt og timer per elev, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000	27
18. Delen av 1.-4.-klassingane med plass i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1997-1999. Prosent	27
19. Barn per tilsett og barn per årsverk i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1996-1999	27
20. Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetal per månad i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1995-1999 (faste oktober-prisar)	28
21. Del kommunar, etter prosent barn i skolefritidsordninga (SFO). Prosent. Hausten 1997-1999	28

Innleiing

Gjennom Aktuell utdanningsstatistikk ønsker Statistisk sentralbyrå å gjøre utdanningsstatistikken lettare tilgjengeleg og meir aktuell. Statistisk sentralbyrå ønsker også å presentere eit breiare spekter av statistikk om elevar og studentar i Noreg. Serien prøver også å dekkje behova for nøkkelta for utdanningssektoren.

Aktuell utdanningsstatistikk er finansiert av Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i fellesskap. Både Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet medverkar med materiale til publikasjonserien. Statistisk sentralbyrå har det redaksjonelle ansvaret for publikasjonane og står ansvarleg for den faglege kvalitetten.

Aktuell utdanningsstatistikk blir gjeve ut ca. 10 gonger årleg, og inneheld mellom anna sektorpublikasjonar for grunnskolar, vidaregåande opplæring, universitet og høgskolar og vaksenopplæring. Det blir også gjeve ut ein publikasjon med hovudtal for alle sektorane.

Denne publikasjonen inneheld grunnskolestatistikk. Både statistikk over skolar, klassar og elevar står sentralt. I ein eigen temadel blir lærarstatistikk presentert. I framstillinga er det lagt vekt på å gje eit bilet av utviklinga dei siste åra.

1. Innleiing

Kommunane har ansvaret for at alle barn og unge får grunnskoleopplæring i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Frå skoleåret 1997/98 består den obligatoriske grunnskolen av ti klassetrinn. Barna startar vanlegvis i skolen det året dei fyller seks og sluttar det året dei fyller 16 år.

Grunnskolen er delt i tre hovudtrinn:

- småskoletrinnet med 1.-4. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 760 timer per år)
- mellomtrinnet med 5.-7. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 1 026 timer per år)
- ungdomstrinnet med 8.-10. klasse (minstetimetall: gjennomsnittleg 1 140 timer per år)

Minstetimetallet er det timetalet elevane skal ha i løpet av skoleåret, og dette er fastsett i læreplanverka. Samla minstetimetall for 1.-10. klassetrinn er 9 538 timer.

På 1.-7. trinn er største tillatne elevtal per klasse 28; på 8.-10. trinn er det 30. Førsteklassar med fleire enn 18 elevar skal ha to pedagogar i alle timer.

Grunnskoleopplæringa i Noreg er desentralisert, og elevane går derfor på skolar av svært ulik storleik. Skoleåret 1999/2000 gjekk bortimot 10 prosent av elevane i skolar med under 100 elevar, 70 prosent gjekk i skolar med mellom 100 og 400, og 20 prosent gjekk i skolar med over 400 elevar.

Talet på grunnskolar i Noreg har falle jamt i perioden frå 1980/81 til 1999/2000. Til saman er reduksjonen om lag 7 prosent. Reduksjonen har ført til at det sidan skoleåret 1980/81 er blitt færre små og fleire mellomstore skolar. Frå 1980/81 til først på 1990-talet gjekk også talet på store skolar (over 400 elevar) ned. Men sidan skoleåret 1996/97 er det igjen blitt noko fleire store. Utviklinga i skolestrukturen er langt på veg ei følge av endringar i busetjingsmønster og demografi.

Klassetalet gjekk ned med 4 700 eller om lag 17 prosent i perioden 1980/81 til 1992/93. Klassetalet heldt seg så forholdsvis stabilt mellom 1992/93 og 1996/97, men steig med 15 prosent frå 1996/97 til 1997/98, først og fremst som følge av skolestarten for seksåringane. Frå 1997/98 til 1999/2000 utgjorde auken nærmare 3 prosent. Gjennomsnittleg elevtal per klasse i 1980/81 var 20,7. Fram til 1990/91 fall gjennomsnittet til 19,1, mens det sidan har auka jamt til 20,0 i 1999/2000.

Elevtalet i grunnskolen gjekk gradvis ned frå skoleåret 1980/81 til 1992/93, da det igjen begynte å stige. Skoleåret 1999/2000 var det om lag 580 300 elevar i grunnskolen, over 11 000 fleire enn året før. Elevtalet nærmar seg no nivået i rekordåret 1980/81, men dette kjem òg av at seksåringane kom inn i skolen frå og med 1997/98. Etter befolkningsframkrivingar (MMMM) frå Statistisk sentralbyrå vil elevtalet halde fram å stige til skoleåret 2004/05. I alt vil elevtalet i grunnskolen stige med om lag 36 000 frå 1999/2000 til 2004/05.

1.1. Grunnskolen. Elevar, klassar og skolar 1980/81-1999/2000. Absolutte tal og indeks (1980/81=100)¹



Skoleår	Elevar	Absolutte tal		Indeks (1980/81=100)			Gjennomsnittleg elevtal per klasse
		Klassar	Skolar	Elevar	Klassar	Skolar	
1980/81	591 323	28 574	3 518	100,0	100,0	100,0	20,7
1982/83	576 910	28 135	3 539	97,6	98,5	100,6	20,5
1984/85	550 136	27 288	3 539	93,0	95,5	100,6	20,2
1986/87	519 867	26 318	3 509	87,9	92,1	99,7	19,8
1988/89	492 769	25 591	3 475	83,3	89,6	98,8	19,3
1990/91	471 779	24 692	3 406	79,8	86,4	96,8	19,1
1992/93	463 309	23 852	3 352	78,4	83,5	95,3	19,4
1993/94 ²	468 247	24 062	3 330	79,2	84,2	94,7	19,5
1994/95	471 870	24 045	3 313	79,8	84,1	94,2	19,6
1995/96	478 605	24 288	3 290	80,9	85,0	93,5	19,7
1996/97	486 739	24 529	3 287	82,3	85,8	93,4	19,8
1997/98	558 247	28 136	3 273	94,4	98,8	93,0	19,8
1998/99	569 044	28 645	3 277	96,2	100,2	93,1	19,9
1999/2000	580 261	29 073	3 272	98,1	101,7	93,0	20,0

¹ Tabellen omfattar statlege, kommunale og private grunnskolar. Elevtal og klassetal ved norske grunnskolar i utlandet og kommunale, fylkeskommunale og statlege spesialskolar og institusjonsskolar er ikkje med i tabellen.

² Frå og med skoleåret 1993/94 inkluderer tabellen spesialklassar ved vanlege grunnskolar og eigne klassar for språklege minoritetar og elevane i desse.

Kjelde: SSB og GSI.

Frå 1994 til 1998 var ressursbruken i grunnskolen per elev og per klasse forholdsvis stabil, målt i 1998-kroner. I 1994 var dei gjennomsnittlege driftsutgiftene per elev 46 000 kroner, i 1998 var dei 47 000. Driftsutgiftene per klasse steig frå 900 000 kroner til 930 000 kroner per klasse i same perioden. Det er stor variasjon i driftsutgiftene per elev etter kor mange elevar det er i kommunen. Kommunar med under 300 elevar og med gjennomsnittleg små klassar hadde 32 prosent høgare driftsutgifter per elev enn kommunar med mellom 2 400 og 10 000 elevar og gjennomsnittleg store klas sar.

Om statistikken

Nøkkeltal for grunnskolen viser kvantitative storleikar. Utviklingstrekk som mellom anna gjeld elevgrunnlag, skolestruktur og timefordelingar, er framstilte i figurar, tabellar og tekst.

Data er henta frå Statistisk sentralbyrås utdanningsstatistikk for skoleåra 1980/81-1992/93, og frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) for 1993/94-1999/2000. GSI vart utvikla og drive av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet fram til og med skoleåret 1997/98. Frå og med skoleåret 1998/99 blei driftsansvaret for databasen overført til SSB. Data i basen er gjevne på skolenivå og omfattar elev- og klasstal, minstetimetalet (grunnressursen som er nødvendig for å ha ein pedagog per klasse per år i alle skolar), andre årstimar (lærartimar), årsverk, elevar frå språklege minoritetar, og elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak ved vanlege kommunale, interkommunale, fylkeskommunale, statlege og private grunnskolar. Statistikken blir henta inn til SSB frå kommunane via statens utdanningskontor, med årleg registreringstidspunkt 1. september.

Data for skolefritidsordninga (SFO) blei henta frå KUFs SFO-base for åra 1995 til 1998. Frå og med skoleåret 1999/2000 er data for SFO henta frå GSI.

Lærarstatistikken som er grunnlaget for kap. 6 og 7, byggjer på tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister (SST) og Sentralt tjenestemannsregister for skoleverket (STT). Opplysningar om lærarar ved skolar som ikkje rapporterer til dei omtala registra, blir henta inn direkte frå den enkelte skolen. I utrekinga av gjennomsnittsalder og inndeling i ulike aldersgrupper er desse lærarane ikkje med i berekninga. Statistikk om lærarårsverk og fordelinga av desse på ulike fylke og kommunetypar er henta frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI). Dessutan er det nytta ein del data frå ei intervjuundersøking om kompetansen til grunnskolelærarane. Vi viser til litteratuoversikta.

2. Skolar

Om statistikken

Grunnskolane består av fuldelte skolar der elevane i alle klassar er frå same årskull og av fådelte skolar der elevar frå fleire årskull går i same klasse.

Grunnskolane er vidare inndelte i desse tre gruppene etter kva klassetrinn elevane på skolen hører til:

- **Barneskolar** har berre elevar på 1.-7. klasse trinn
- **Ungdomsskolar** har berre elevar på 8.-10. klassetrinn
- **Kombinerte skolar** har elevar både på 1.-7. klassetrinn og på 8.-10. klassetrinn

2.1. Grunnskolar

Skoleåret 1999/2000 var det 3 272 grunnskolar i Noreg. Barneskolane utgjorde 63 prosent, kombinerte barne- og ungdomsskolar 22 prosent og reine ungdomsskolar 15 prosent. 61 prosent av skolane var fulldelte, 39 prosent fådelte. Dei fleste fådelte skolane var barneskolar, men prosentdelen fådelte skolane var størst blant dei kombinerte barne- og ungdomsskolarane (nær 55 prosent).

2.1. Grunnskolar, etter skoleslag og skoletype. Skoleåret 1999/2000


Skoletype	I alt	Barne-skolar	Kombinerte skolar	Ungdomsskolar
I alt	3 272	2 075	710	487
Fulldelte skolar	2 012	1 208	322	482
Fådelte skolar	1 260	867	388	5

Kjelde: GSI.

Ein stor del av skolane i Noreg har relativt få elevar. Nesten 25 prosent av skolane har mellom 100 og 199 elevar; ein nesten like stor del har under 50. Under 10 prosent av skolane har over 400 elevar. Utviklinga dei seinare åra viser nedgang i den delen av skolane som har få elevar og auke i prosentdelen mellomstore og store skolar.

Skoleåret 1999/2000 gjekk 70 prosent av grunnskole-elevane på skolar med 100 til 400 elevar. 10 prosent gjekk på skolar med under 100 elevar, 20 prosent på skolar med over 400 elevar. Tendensen til nedgang i den delen av elevane som går i skolar med under 300 elevar, held fram. Denne delen gjekk ned frå 57 prosent skoleåret 1997/98 til under 54 prosent skoleåret 1999/2000.


Figur 2.1. Del skolar, etter skolestorleik (elevtal). 1997/98 - 1999/2000. Prosent¹



Talgrunnlag i vedleggstabell 1.

Kjelde: GSI.

Figur 2.2. Del elevar, etter sklestorleik (elevtal) 1997/98-1999/2000. Prosent¹



Talgrunnlag i vedleggstabell 2.

Kjelde: GSI.

2.2. Fulldelte og fådelte skolar og elevar i fulldelte og fådelte skolar. Skoleåra 1994/95-1999/2000



Skoleår	Skolar			Elevar		
	I alt	Fulldelte	Fådelte	I alt	Fulldelte	Fådelte
1994/95	3 313	1 851	1 462	471 870	405 502	66 368
1995/96	3 290	1 865	1 425	478 605	413 196	65 409
1996/97	3 287	1 874	1 413	486 739	421 524	65 215
1997/98	3 273	1 940	1 333	558 247	485 382	72 865
1998/99	3 277	2 001	1 276	569 044	503 083	65 961
1999/2000	3 272	2 010	1 262	580 261	513 937	66 324

Kjelde: GSI.

Den desentraliserte skolestrukturen viser seg også ved at 39 prosent av skolane i Noreg er fådelte. I perioden 1994/95-1999/2000 var det ein samla nedgang på 200 fådelte skolar. Den delen av grunnskoleelevene som går i fådelte skolar, minka frå 14 til 11 prosent i perioden 1994/95–1999/2000.

2.2. Nedlagde og oppretta skolar

Frå skoleåret 1998/99 til 1999/2000 vart det lagt ned 28 skolar og oppretta 23 nye.

Av tilstandsrapportane frå Statens utdanningskontor går det fram at dei fleste av dei 28 registrerte nedleggingane var reelle i den forstand at dei var resultat av endra skolestruktur i kommunane. Dei fleste av dei nedlagde skolane var små.

2.3. Nedlagde og oppretta skolar frå skoleåret 1998/99 til skoleåret 1999/2000, etter skoletype og skoleslag



Skoletype	Nedlagde			Oppretta		
	I alt	Fulldelte	Fådelte	I alt	Fulldelte	Fådelte
I alt	28	5	23	23	8	15
Barneskolar	27	5	22	14	5	9
Ungdomsskolar	0	0	0	4	3	1
Kombinerte barne- og ungdomsskolar ...	1	0	1	5	0	5

Kjelde: GSI.

2.3. Private grunnskolar

Skoleåret 1999/2000 var det 81 private grunnskolar i Noreg, ni fleire enn året før. Skolane utgjorde 2,5 prosent av det totale grunnskoletalet. Ved desse skolane var det 9 378 elevar, som utgjorde 1,6 prosent av det samla elevtalet i grunnskolen. Auken i elevtalet ved private skolar frå 1998/99 til 1999/2000 var 4,5 prosent og den samla auken i elevtalet i grunnskolen 2 prosent. Til samanlikning var det i 1980/81 om lag 30 private grunnskolar med til saman 3 500 elevar, og desse elevene utgjorde da 0,5 prosent av alle grunnskoleelevene.

2.4. Skolar og elevar, etter skolens eigarform. Skoleåra 1994/95-1999/2000



Skoleår	Skolar		Elevar	
	Offentleg	Privat	Offentleg	Privat
1994/95	3 248	65	464 934	6 936
1995/96	3 225	65	471 325	7 280
1996/97	3 220	67	479 254	7 485
1997/98	3 205	68	549 659	8 588
1998/99	3 205	72	560 088	8 975
1999/2000	3 191	81	570 883	9 378

Kjelde: GSI.

2.4. Spesialskolar

1. september skoleåret 1999/2000 var det 109 spesialskolar i Noreg, åtte færre enn året før. Ved desse skolane var det 1 835 elevar, ein nedgang frå 1 917 i 1998/99. Talet på spesialskolar og institusjonsskolar er redusert frå 243 i 1994/95 til 189 i 1999/2000. Nedgangen i talet på spesialskolar har vore jamn i heile perioden frå skoleåret 1994/95 til 1999/2000. Årsakene til reduksjonen er mellom anna nedlegging av spesialskolar og at spesialskolar er innlemma som avdelingar i vanlige grunnskolar.

2.5. Spesialskolar og institusjonsskolar. Skolar og elevar. Skoleåra 1994/95-1999/2000



Skoleår	Skolar	Elevar
1994/95	243	..
1995/96	178	..
1996/97	158	..
1997/98	122	2 253
1998/99	117	1 917
1999/2000	109	1 835

Kjelde: GSI.

3. Klassar i grunnskolen

Skoleåret 1999/2000 var det til saman 29 073 klassar i grunnskolen. Av desse var 358 spesialklassar eller klassar for språklege minoritetar. Av dei resterande inneholdt 3 088 meir enn eitt årskull. I slike klassar gjekk det 42 250 elevar, og dette er færre klassar og elevar enn skoleåret før.

3.1. Klassar og elevar¹, etter talet på årskull i klassen. Skoleåra 1997/98-1999/2000

Årskull i klassen	1997/98		1998/99		1999/2000	
	Klassar	Elevar	Klassar	Elevar	Klassar	Elevar
I alt	27 867	556 313	28 335	566 984	28 715	577 778
1	24 754	513 576	25 162	523 676	25 627	535 571
2	2 166	31 851	2 249	32 746	2 203	32 288
3	716	8 481	698	8 186	667	7 815
4	166	1 781	160	1 759	157	1 517
5	40	374	36	324	33	307
6	16	154	24	235	17	175
7	9	96	9	96	11	105
8	1	10	1	9	-	-

¹ Omfattar ikkje spesialklassar og eigne klassar for språklege minoritetar i vanlege grunnskolar.

Kjelde: GSI.

Kor stor del av klassane som berre har eitt årskull, varierer mellom kommunane. Små kommunar hadde ein langt mindre del enn dei store. Dei små kommunane hadde også i gjennomsnitt færre elevar i klassen enn dei store.

Det er framleis fleire førsteklassar enn elevtalet skulle tilseie. Dette kjem av at ein del fådelte skolar vel å skilje ut seksåringane i eigne klassar. Det er elles relativt flest klassar på 4., 7. og 10. trinn. Dette tyder på at dei fådelte skolane samlar kvar for seg småskoletrinnet, mellomtrinnet og ungdomstrinnet i klassar registrerte på desse trinna når dei slår saman fleire årskull i klassane.

Tre av fire elevar går i klassar med over 18 elevar. Denne delen har auka noko dei tre siste åra. Desse større klassane utgjer også ein noko større del av det samla klassetalet.

Dersom ein ser på alle klassane samla, har det vore ein svak, men jamn tendens mot større gjennomsnittleg klassesstorleik. Denne auken må sjåast i samanheng med auken i elevtalet for same perioden.

Den same tendensen gjer seg gjeldande utan omsyn til elevtalet i kommunen. Grupperer vi kommunane etter elevtal, ser vi at kommunar med få elevar har mindre klassar. Kommunar med mange elevar har større klassar, men alle kommunegruppene har hatt ein jamn auke i klassesstorleiken.

3.2. Del klassar og elevar, etter klassesstorleik (elevtal). Skoleåra 1997/98-1999/2000. Prosent¹

Klasses- storleik (elevtal)	1997/98		1998/99		1999/2000	
	Del av klassane	Del av elevene	Del av klassane	Del av elevene	Del av klassane	Del av elevene
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Mindre						
enn 13	10,3	4,8	10,3	4,8	9,9	4,6
13 - 18	26,4	21,0	25,9	20,5	25,3	20,0
19 - 24	40,0	43,2	40,1	43,2	40,5	43,4
25 eller meir	23,4	31,1	23,6	31,4	24,3	32,1

¹ Omfattar ikkje spesialklassar og eigne klassar for språklege minoritetar i ordinære grunnskolar.

Kjelde: GSI.

3.3. Klassar, elevar og elevar per klasse. Skoleåra 1992/93-1999/2000

Skoleår	Klassar	Elevar	Elevar per klasse
1992/93	23 978	462 657	19,3
1993/94	24 062	468 247	19,5
1994/95	24 045	471 870	19,6
1995/96	24 288	478 605	19,7
1996/97	24 529	486 739	19,8
1997/98	28 136	558 247	19,8
1998/99	28 645	569 044	19,9
1999/2000	29 073	580 261	20,0

Kjelde: GSI.

3.4. Elevar per klasse, etter kommunestorleik (elevtal i kommunen). Skoleåra 1993/94-1999/2000

Kommune- storleik (elevtal i kommunen)	Skoleår							
	Kom- munar	1993/ 1994	1994/ 1995	1995/ 1996	1996/ 1997	1997/ 1998	1998/ 1999	1999/ 2000
I alt	435	19,5	19,6	19,7	19,8	19,8	19,9	20,0
Mindre								
enn 300	111	13,5	13,7	13,8	13,8	13,8	13,9	13,8
300-699	135	16,6	16,7	16,7	16,8	16,9	16,8	16,9
700-2399 ...	137	19,0	19,2	19,2	19,4	19,4	19,4	19,6
2400-9999 .	47	20,8	21,0	21,0	21,1	21,1	21,1	21,2
10000 eller meir	5	22,5	22,6	22,7	22,8	22,6	22,6	22,6

Kjelde: GSI.

Denne auken har to årsaker. For det første har så å seie all endring i skolestrukturen ført til auka klassesstorleik. For det andre har auken i elevtalet ved mange skolar ikkje ført til nye klassar, berre til fleire elevar i dei eksisterande.

4. Elevar i grunnskolen

4.1. Utviklinga av elevtalet

Skoleåret 1999/2000 var det snaut 584 000 barn i grunnskolealder i Noreg. Meir enn 99 prosent av desse gjekk i vanlege grunnskolar. Resten var anten elevar ved spesialskolar, barn under flytting, elevar ved ikkje godkjende skolar eller barn med utsett skolestart.

Det minste årskullet i grunnskolen skoleåret 1999/2000 var 10. klasse, med 52 200 elevar. Alle dei fem første klassetrinna i grunnskolen var til samanlikning større enn 60 000. Elevtalet i grunnskolen vil stige dei nærmaste sju åra når relativt små kull forlèt skolen, og kull på storleik med seks- og sjuåringane i 1999/2000 kjem inn. Den største auken i elevtalet vil kome dei 2-3 neste åra når dei små fødselskulla frå midten av 1980-talet fullfører grunnskolen. Talet på barn i grunnskolealder (6-15 år) vil auke med om lag 36 000 frå 1999/2000 til 2004/05, da det etter befolkningsframkrivingar frå Statistisk sentralbyrå, alternativ med middels nasjonal vekst (MMMM), vil vere om lag 619 000 barn i grunnskolealder i Noreg.

4.1. Del elevar i kommunar med forskjellig elevtal.
Skoleåra 1992/93 -1999/2000. Prosent



	Skoleår							
Elevtal i kommunen	1992/ 1993	1993/ 1994	1994/ 1995	1995/ 1996	1996/ 1997	1997/ 1998	1998/ 1999	1999/ 2000
I alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Mindre enn 300	4,0	4,0	4,0	3,9	3,8	3,7	3,6	3,6
300-699	12,1	11,9	11,9	11,6	11,4	11,1	11,0	10,8
700-2399 ...	31,7	31,4	31,3	31,0	30,9	30,5	30,4	30,3
2400-9999 .	32,9	33,0	32,9	33,1	33,2	33,4	33,6	33,8
10 000 eller meir	19,3	19,6	20,0	20,4	20,7	21,2	21,3	21,5

Kjelde: GSI.

Dei fleste elevane i Noreg bur i kommunar med mellom 700 og 9 999 elevar. Berre i underkant av 4 prosent av elevane bur i kommunar med under 300 elevar, og rundt 19 prosent i kommunar med meir enn 10 000 elevar. Totalt har elevtalet i grunnskolen gått noe opp i perioden. Denne auken har vore i dei store kommunane. Talet på elevar i dei små kommunane har gått noe ned.

4.2. Elevtalet på ungdomstrinnet

For å gje eit bilet av kva utslag veksten i elevtalet vil få for talet på klassar på ungdomstrinnet, er det gjort ei berekning av utviklinga i klassetalet. Berekninga er ba-

sert på befolkningsframkrivinga frå SSB (MMMM) og på dagens skolestruktur.

Ungdomstrinnet i den norske grunnskolen står framfor ein sterk vekst når det gjeld elevtalet. Skoleåret 2004/05 vil det vere 17 prosent fleire elevar på ungdomstrinnet enn i skoleåret 1999/2000. Det er da rekna med at ein like stor del av barnekullet går i vanlege grunnskolar i 2004/05 som i dag.

Veksten i elevtalet vil medføre fleire klassar på ungdomstrinnet i mange kommunar, men ein reknar med at veksten i klassetalet vil bli mindre enn veksten i elevtalet. Grunnen er at berre eit fåtal av klassane i dag har 30 elevar, som er største tillatne klassestorleik. Delar av veksten i elevtalet vil såleis bli absorbert ved at elevtalet i dei eksisterande klassane blir større. Med den skolestrukturen vi har i landet, vil det likevel ikkje vere mogleg å auke elevtalet opp mot 30 ved alle skolane.

Det er teke med i berekninga at alle kommunane som får større elevtal på ungdomstrinnet, vil få ei endring i elevtalet som fordeler seg likt på alle skolar. Talet på klassar i 2004/05 er berekna på grunnlag av dei gjeldande klassesidelingsreglane. Med denne føresetnaden vil klassetalet stige med 12 prosent når elevtalet stig med 17 prosent. Prognosene tek ikkje omsyn til flyttningar internt i kommunane og endringar i skolestrukturen. Dette trekkjer i retning av at auken i klassetalet kan bli noko mindre enn det denne framkrivinga tilseier.

Av dei 433 kommunane som har elevar i eigne skolar med ungdomstrinn, vil venteleg i underkant av 100 ikkje få auke i elevtalet på ungdomstrinnet fram til 2004/05. 157 av kommunane får ein vekst som er større enn landsgjennomsnittet på 17 prosent.

Som det går fram av tabell 4.2, vil 174 kommunar, eller 40 prosent av kommunane med ungdomstrinn, få nye klassar. Av desse reknar ein med at 135 kommunar vil få ein auke på meir enn 10 prosent i klassetalet. Somme av kommunane er små, slik at auken berre er på 1-2 nye klassar.

Berekninga viser klart at veksten i barnetalet på ungdomstrinnet slår svært ulikt ut frå kommune til kommune. Det er ein klar samanheng mellom kommunestorleik og korleis veksten slår ut. Som tabell 4.3 viser, er det dei store kommunane som får flest nye klassar, medan dei minste anten får reduksjon i elevtalet eller ein auke som er så liten at han ikkje gjev utslag i nokon vesentleg auke i klassetalet.

4.2. Elevtal og klassesetal, etter kommunestørleik (elevtal i kommunen). Skoleåret 1999/2000 og endring skoleåret 1999/2000-2004/2005



Kommunar	Elevtal 1999/2000	Endring i elevtal 1999/2000- 2004/2005	Endring i elevtal 1999/2000- 2004/2005 Prosent	Klassar 1999/ 2000	Endring i klassesetal 1999/2000- 2004/2005	Endring i klassesetal 1999/2000- 2004/2005 Prosent
I alt	435	580 261	26 494	4,6	6 775	798
Mindre enn 300	111	20 809	254	1,2	414	17
300-699	135	62 845	1 486	2,4	943	42
700-2399	137	175 719	7 150	4,1	2 119	218
2400-9999	47	196 229	10 577	5,4	2 126	286
10 000 eller meir	5	124 659	7 027	5,6	1 173	235

Kjelde: GSI og befolkningsframskrivning frå SSB (MMM).

4.3. Elevar som fekk spesialundervisning ved vanlege grunnskolar

Skoleåret 1998/99 fekk 34 200 elevar i grunnskolen gjennom enkeltvedtak tildelt timar til spesialundervisning med undervisningspersonale. Denne elevgruppa utgjorde 6 prosent av alle grunnskoleelevarne det skoleåret. Ved reine barneskolar utgjorde dei elevane som fekk spesialundervisning, drygt 5 prosent, ved reine ungdomsskolar knapt 8 prosent. I perioden 1993/94-1998/99 varierte prosentdelen elevar som fekk tildelt spesialundervisning ved reine barneskolar mellom 5 og 6, medan prosentdelen ved reine ungdomsskolar har stige litt.

Om lag 8 prosent av gutane og i underkant av 4 prosent av jentene fekk spesialundervisning skoleåret 1998/99. Det var lite endring samanlikna med tidlegare år. Det er altså langt fleire gutter enn jenter i grunnskolen som får spesialundervisning etter enkeltvedtak: gutane utgjorde om lag 70 prosent. Kjønnsfordelinga var om lag den same i reine barneskolar og reine ungdomsskolar.


Når det gjeld tildelingsprofilen for gutter og jenter, er skilnadene ikkje store. 23 prosent av gutane og 24 prosent av jentene som fekk spesialundervisning gjennom enkeltvedtak, fekk i 1998 mindre enn 100 timer per år. Om lag 61 prosent av gutane og 58 prosent av jentene fekk mellom 101 og 360, medan 16 prosent av gutane og 18 prosent av jentene fekk meir enn 360 årstimar. For både gutter og jenter gjekk den delen som får tildelt inntil 100 timer per år, noko ned frå 1994/95 til 1997/98 og ytterlegare ned frå 1997/98 til 1998/99.

Per 1. september 1999 hadde om lag 35 400, eller i overkant av 6 prosent av elevane i grunnskolen fått tildelt timar til spesialundervisning for skoleåret 1999/2000.

4.4. Elevar ved spesialskolar og institusjons-skolar

1. september 1999 var det registrert 1 835 elevar ved i alt 109 spesialskolar og institusjonsskolar, ein nedgang frå 1 917 i 1998. Elevane ved spesialskolane utgjorde 0,3 prosent av alle elevane i grunnskolen.

Figur 4.1. Elevar som får spesialundervisning, etter kjønn og tildelte timetal. Skoleåret 1998/99



Talgrunnlag i vedleggstabell 7.
Kjelde: GSI.

Tabell 4.3 viser tal på spesialskolar og tal på elevar ved spesialskolane skoleåra 1994/95 til 1998/99 under desse kategoriane:

- Elevar i oppsökjande verksemnd: elevar som har vore til diagnostisering, utreiing eller liknande.
- Korttidselevar: elevar som har opphalde seg ved skolen mindre enn 13 veker.
- Langtidselevar: elevar som har opphalde seg ved skolen 13 veker eller meir.

Om lag 750 elevar var til diagnostisering, utreiing eller liknande (oppsökjande verksemnd) i skoleåret 1998/99. Dette er ein nedgang frå i overkant av 1 900 i 1997/98. Talet på korttidselevar var i 1998/99 i underkant av 2 400, ein nedgang på 43 prosent frå 1997/98. Det var i overkant av 800 registrerte langtidselevar i 1998/99, ein svak reduksjon i forhold til 1997/98.

4.3. Spesialskolar og elevar ved spesalskolane. Skoleåra 1992/93-1998/99



Skoleår	Skolar	Elevar i oppsøkjande verksemd	Korttids-elevar	Langtids-elevar
1992/93	250	1 789	5 026	2 224
1993/94	258	1 554	3 412	2 245
1994/95	243	1 144	3 998	1 922
1995/96	178	1 508	4 575	2 208
1996/97	158	1 746	3 772	1 050
1997/98	122	1 917	4 190	864
1998/99 ¹	117	750	237	827

¹ Det er knytt stor usivse til tala for 1998/99.


Kjelde: GSI.

4.5. Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk

Skoleåret 1999/2000 var det 39 600 elevar frå språklege minoritetar i grunnskolen i Noreg. Dette er ein auke på 3 700, eller vel 10 prosent, frå skoleåret 1998/99. Av desse elevane fekk 28 300 (71 prosent) særskild norskopplæring og 17 200 (43 prosent) morsmålsopplæring. Dei elevane som fekk særskild norskopplæring, utgjorde nær 5 prosent og morsmålelevane 3 prosent, av alle elevane i grunnskolen. Det blei i gjennomsnitt gjeve 61 årstimar til dei elevane som fekk særskild norskopplæring og 42 årstimar til morsmålelevane. Skolane opererer som oftast med gruppeundervisning, slik at talet på undervisningstimar per elev blir større enn dette. Tala er noe usikre fordi ikkje all opplæring av elevar med anna morsmål enn norsk og samisk er sett i verk tidleg på hausten når tala frå GSI er henta.

Figur 4.2 og 4.3 viser at gjennomsnittleg timetal per elev har gått noko ned dei siste åra, samtidig som talet på elevar som får opplæring har gått opp. Dette gjeld både særskild norskopplæring og morsmålsopplæring.


Figur 4.2. Elevar med morsmålsopplæring og timar per elev. Skoleåra 1992/93-1999/2000



Talgrunnlag i vedleggstabell 12.

Kjelde: GSI.

Figur 4.3. Elevar med særskild norskopplæring og timar per elev. Skoleåra 1997/98 - 1999/2000



Talgrunnlag i vedleggstabell 13.

Kjelde: GSI.

Årsaka er dels at auken i elevtalet har vore større enn auken i det samla undervisningstimetalet. Storleiken på dei gruppane som får denne undervisninga, har verknad på det faktiske talet på timar den enkelte eleven får.

Det er flest elevar som får morsmålsundervisning på urdu i Noreg, og det er over 1 000 morsmålelever som har albansk, vietnamesisk, bosnisk/kroatisk eller arabisk som morsmål.

Når det gjeld opplæringa rundt om i fylka, er det stor variasjon, og Oslo skil seg klart ut. I Oslo får 16,5 prosent av elevane særskild norskopplæring og 6,4 prosent

4.4. Morsmålelever, etter morsmål. Skoleåra 1995/96-1999/2000




Morsmål	1995/96	1996/97	1997/98	1998/99	1999/2000
I alt	11 276	12 770	15 810	17 008	17 306
Urdu	886	1 191	2 052	2 067	2 515
Albansk	751	915	1 015	1 164	1 577
Vietnamesisk	1 521	1 514	1 816	1 827	1 570
Bosnisk/kroatisk	1 245	1 308	1 351	1 367	1 267
Arabisk	327	407	748	978	1 096
Engelsk	886	878	1 100	1 304	1 005
Somalisk	326	581	603	844	1 005
Spansk	815	785	1 017	989	883
Tyrkisk	674	743	856	866	781
Tamil	489	397	553	529	632
Kurdisk	189	221	268	387	611
Persisk	464	407	459	453	439
Anna morsmåls-undervisning	2 703	3 423	3 972	4 233	3 925

Kjelde: GSI.

morsmålsopplæring. Dette har si årsak i at Oslo tek imot ein større del innvandrarar enn andre fylke.

Dersom vi ser på kor mange timer opplæring kvar elev får per år i dei ulike fylka, blir biletet noko annleis. Fylke som har låg prosentdel elevar med særskild norskopplæring eller morsmålsopplæring, gjev gjerne mange timer undervisning per elev. Dette kan ha samanheng med at undervisningsgruppene ofte blir mindre når det samla elevtalet er lågt.


Figur 4.4. Del av grunnskoleelevarne som får særskild norskopplæring, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000. Prosent



Talgrunnlag i vedleggstabell 14.

Kjelde: GSI.


Figur 4.5. Del av grunnskoleelevarne som får morsmålsopplæring, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000. Prosent



Talgrunnlag i vedleggstabell 15.

Kjelde: GSI.


Figur 4.6. Årstimar til særskild norskopplæring til kvar elev som får denne opplæringa, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000



Talgrunnlag i vedleggstabell 16.

Kjelde: GSI.

Figur 4.7. Årstimar til morsmålsopplæring til kvar elev som får denne opplæringa, etter skolefylke. Skoleåret 1999/2000




Talgrunnlag i vedleggstabell 17.

Kjelde: GSI.

4.6. Skolefritidsordninga (SFO)

Hausten 1999 var det registrert 116 051 barn i skolefritidsordninga (SFO), same nivået som året før. 47 prosent av 1.-4.-klassingane i skolen har plass i SFO og heile 60 prosent av seksåringane. Dekningsgraden har auka noko dei seinaste tre åra.

Figur 4.8. Delen av 1.-4. klassingane med plass i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1997-1999. Prosent



Talgrunnlag i vedleggstabell 18.

Kjelde: KUF og GSI.


Fordelinga av barna på klasstrinn i SFO, har vore tilnærma konstant dei tre siste åra. Hausten 1999 var fordelinga slik: 31 prosent 1.-klassingar, 30 prosent 2.-klassingar, 25 prosent 3.-klassingar, 13 prosent 4.-klassingar; 1 prosent er 5.-7.-klassingar med særlege behov.

Tre av fire barn i skolefritidsordninga har maksimal oppholdstid (over 14 timer per veke), og denne delen har ikkje endra seg nemneverdig dei seinare åra. Etter kvart som elevane blir eldre, har færre maksimal oppholdstid. I denne oppholdstidskategorien var 78 prosent av 1.-klassingane i SFO og 65 prosent av 4.-klassingane i SFO hausten 1999.

Talet på tilsette i skolefritidsordninga har auka noko dei siste tre åra. I 1997 var det i gjennomsnitt 18,6 barn per årsverk. Dette var i 1999 redusert til 17,1. Størstedelen av dei tilsette i skolefritidsordninga er assisterar som arbeider deltid.

Foreldrebetalinga for ein plass i skolefritidsordninga har stige litt dei seinare åra. Frå 1995 til 1999 steig maksimal foreldrebetaling justert for prisvekst¹ med vel 40 prosent i gjennomsnitt. Da er det ikkje teke omsyn til at mange foreldre ikkje betaler full pris.


Figur 4.9. Barn per tilsett og barn per årsverk i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1996-1999. Prosent



Talgrunnlag i vedleggstabell 19.

Kjelde: KUF og GSI.

Figur 4.10. Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetaling per månad i skolefritidsordninga (SFO) hausten 1995-1999 (faste oktober-prisar)



Talgrunnlag i vedleggstabell 20.

Kjelde: KUF og GSI.

¹ Konsumprisindeksen per 1.10.1999

5. Ressursinnsatsen i grunnskolen

Om statistikken

Tala for kommunale driftsutgifter er henta frå SSBs kommunerekneskap kap. 1.21 og 1.26 for åra 1994 til 1998. Med kommunale driftsutgifter er her meint utgifter ført på postane 01-12 og 15-29 i kap. 1.21 og 1.26. Overføringer til andre kommunar og inntekter frå andre kommunar er ikkje med i utgiftsomgrepet, sidan ein ikkje har trekt frå elevar frå andre kommunar eller lagt til elevar i andre kommunar når ein ser på utgifter per elev i den enkelte kommunen. Dei nominelle rekneskapstala er prisjusterte med ein indeks for samla prisendring for kommunale kjøp av varer og tenester. Utgiftene i dette kapitlet er målte i faste kroner med basisår 1998.

Årstimar til ulike undervisningsformål er henta frå GSI. Minstetimetalet er den grunnressursen i form av lærartimar som er nødvendig for å ha ein pedagog per klasse per år i alle skolar. Utover denne basisressursen er registrert bruk av lærartimar til desse undervisningsformåla: spesialundervisning etter enkeltvedtak, delingstimar utanom valfag; dessutan anna, som omfattar delingstimar til valfag og årstimar til morsmålsopplæring for elevar frå språklege minoritetar. I tillegg kjem timar til diverse undervisningsformål og ikkje-fordelte lærartimar.

Elev- og klassesetal omfattar vanlege kommunale og interkommunale grunnskolar. Elevar ved spesialskolar er ikkje medrekna. Når ein samanliknar utgifter per elev og per klasse mellom kommunar, tek ein dermed ikkje omsyn til at somme kommunar kan ha ein større del elevar ved spesialskolar, eventuelt ved interkommunale spesialskolar, enn andre kommunar.

5.1. Økonomien i grunnskolen

Kommunerekneskapane (kap. 1.21 og 1.26) viser at dei samla driftsutgiftene i grunnskolen i 1998 var på drygt 26 mrd. kroner. Gjennomsnittlege driftsutgifter per elev var 46 600 kroner, og utgiftene per klasse 927 600 kroner, jf. tabell 5.1.

5.1. Driftsutgifter i alt (kommunerekneskapen kap. 1.21 og 1.26) per elev og per klasse i 1000 1998-kroner. 1994-1998				
År	Driftsutgifter i alt	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter per klasse	
1994	21 199 001	45,6	897,0	
1995	21 343 222	45,3	894,7	
1996	21 936 652	45,8	910,6	
1997	23 399 489	45,7	908,0	
1998	26 086 750	46,6	927,6	

Kjelde: Elev- og klassesetal: GSI, økonomital: SSB.

Dei samla driftsutgiftene til grunnskolen, målte i 1998-kroner, steig med om lag 4,9 mrd. kroner (23 prosent) i perioden 1994 til 1998. Frå 1997 til 1998 var auken om lag 2,7 mrd. (11 prosent), men denne veksten har mellom anna samanheng med at grunnskolen vart utvida med eit årskull frå hausten 1997. Driftsutgiftene per elev var stabile på om lag 45 500 1998-kroner i heile perioden frå 1994 til 1997, men steig med om lag 1 100 kroner (2,5 prosent) frå 1997 til 1998. Driftsutgiftene per klasse steig med om lag 30 000 kroner frå 1994 til 1998, ein auke på i overkant av 3 prosent.

5.2. Elevar per klasse og driftsutgifter 1998 (kommunerekneskapen kap. 1.21 og 1.26) per elev og klasse, etter kommunestorleik (elevtal i kommunen). 1999/2000. 1000 kroner¹

Kommune- storleik (elevtal i kommunen)	Kom- munar	Elevar per klasse	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter per klasse
I alt	435	19,9	46,6	927,6
Mindre enn 300	111	13,9	64,1	891,9
300-699	135	16,8	54,0	908,6
700-2 399	137	19,4	45,9	892,1
2 400-9 999	47	21,1	43,5	919,4
10 000 eller meir	5	22,6	45,5	1 025,6

¹ Tabellen omfattar kommunale grunnskolar.

Kjelde: Elev- og klassesetal: GSI, økonomital: SSB.

Tabell 5.2 viser at det var stor variasjon mellom kommunegruppene når det gjeld klassesstorleik og driftsutgifter per elev. Kommunar med færre enn 300 grunnskoleelevar hadde i gjennomsnitt seks elevar mindre per klasse enn landsgjennomsnittet og om lag ni elevar mindre per klasse enn dei største kommunane (dei med 10 000 elevar eller meir). Driftsutgiftene per elev i dei minste kommunane var i gjennomsnitt 64 000 kroner. Dette er nærmare 40 prosent høgare enn landsgjennomsnittet og 47 prosent høgare enn gjennomsnittet i kommunane med dei lågaste driftsutgiftene per elev (dei med mellom 2 400 og 10 000 elevar).

Driftsutgiftene per elev heng i høg grad saman med klassesstorleiken, med unntak av dei største kommu-

nane, som trass i fleire elevar per klasse har høgare utgifter per elev enn dei nest største kommunane. Utgifte per klasse varierer lite mellom kommunegruppene. Den einaste kommunegruppa som skil seg ut, er den som inneholdt dei fem største kommunane, der utgiftene per klasse i gjennomsnitt var 1 026 000 kroner, nesten 100 000 kroner over landsgjennomsnittet. Dei små kommunane, med færre enn 300 elevar, hadde i gjennomsnitt 892 000 kroner i driftsutgifter per klasse, 36 000 kroner under landsgjennomsnittet. Dette har samanheng med at elevtalet i klassen er så lite.

5.2. Lærartimar til ulike undervisningsformål

I tabell 5.3 er årstimer til ulike undervisningsformål viste i absolutte tal og i prosent av samla minstetimetalet. Årstimane består av:

- Minstetimetalet er det timetalet elevane skal ha i løpet av skoleåret. Dette er fastsett i læreplanverka. Minstetimetalet vil stige med talet på klassar i grunnskolen
- Spesialundervisning etter enkeltvedtak blir løvd på grunnlag av m.a. ei særskild, sakkunnig vurdering av enkeltelevar. Elevar med særskilde opplæringsbehov har rett til spesialundervisning.
- Delingstimar er generelle styrkingstiltak som blir nytta til å dele klassen (tolærarsystem i klassen eller undervisning i grupper). I delingstimane er den andre pedagogen i førsteklassar med meir enn 18 elevar medrekna.
- Lærartimar til andre undervisningsformål omfattar særskild norskopplæring og morsmålsopp-læring for språklege minoritetar, valfag på ungdomstrinnet, avtalebaserte årstimer og ikkje-fordelede lærartimar.

Samla årstimetala steig noko frå 1997/98 til 1998/99, men var meir eller mindre uendra frå 1998/99 til 1999/2000, samtidig som talet på klassar og dermed også minstetimetalet steig. Talet på delingstimar gjekk ned frå 1998/99 til 1999/2000.

5.3. Årstimar. Skoleåra 1997/98-1999/2000. Absolutte tal og tillegg til minstetimetalet (prosent)¹

Årstimar	Årstimar		Tillegg til minstetimetalet (prosent)					
	1997/ 1998	1998/ 1999	1999/ 2000	1997/ 2000	1998/ 1999	1998/ 1999	1999/ 2000	1997/ 1998
Årstimar								
i alt	46 532 619	48 159 209	48 157 328	76,4	79,7	77,2		
Minste-timetal ...	26 382 759	26 799 215	27 173 362	-	-	-		
Spesial-under-visning ...	5 746 682	5 952 714	5 975 888	21,8	22,2	22,0		
Delings-timar	7 045 582	7 107 304	6 751 532	26,7	26,5	24,8		
Anna	7 357 596	8 299 976	8 256 546	27,9	31,0	30,4		

¹ Tabellen omfattar både kommunale og private grunnskolar.

Kjelde: GSI.

Lærartimane til spesialundervisning utgjorde eit tillegg på om lag 22 prosent til det samla minstetimetalet skoleåret 1999/2000. Delingstimar utanom tilvalsfag, som frå skoleåret 1997/98 omfatta årstimar til den andre læraren i 1.-klassar med over 18 elevar, utgjorde i 1999/2000 eit tillegg på 25 prosent av minstetimetalet. Delingstimar per klasse og spesialundervisning per elev har gått ned frå 1998/99 til 1999/2000. Dette tyder på at ressurstilgangen til grunnskolen er redusert.

Timar til andre undervisningsformål gjekk noko opp frå 1997/98 til 1998/99, men utgjorde omtrent same tillegget til minstetimetalet i 1999/2000 som i 1998/99.

Samla utgjorde spesialundervisning, delingstimar og timar til andre undervisningsformål eit tillegg på 77 prosent til minstetimetalet for heile grunnskolen skoleåret 1999/2000. Dette er ein nedgang frå førre skoleåret, da det samla tillegget til minstetimetalet utgjorde nærmere 80 prosent.

5.4. Spesialundervisning, delingstimar og andre timar i prosent av minstetimetalet, etter kommunestorleik (elevtal i kommunen).

Skoleåret 1999/2000¹

Kommunestorleik (elevtal i kommunen)	Tillegg til minstetimetalet i prosent av minstetimetalet				
	Kom-munar	I alt	Spesial- under- visning	Delings- timar	Anna
I alt	435	77,5	22,1	25,0	30,4
Færre enn 300	111	69,1	21,7	22,8	24,6
300-699	135	76,1	24,2	24,6	27,3
700-2 399	137	74,3	22,6	24,2	27,5
2 400-9 999	47	78,7	22,0	25,1	31,6
10 000 eller meir ...	5	84,0	20,2	27,0	36,8

¹ Tabellen omfattar kommunale grunnskolar.

Kjelde: GSI.

Tabell 5.4 viser at dei største kommunane hadde eit noko større timetal i tillegg til minstetimetalet enn dei minste kommunane. Dette kjem særleg av årstimar til andre undervisningsformål som utgjorde ein stor del i forhold til minstetimetalet i dei største kommunane. Delingstimane utgjorde også eit noko større tillegg i prosent av minstetimetalet i dei største kommunane enn i dei andre kommunegruppene. Dette kan ha samanheng med at den gjennomsnittlege klassesstorleiken var større i denne kommunegruppa enn i dei andre (jf. tabell 5.2), og at behovet for delingstimar dermed var størst her. Det høge nivået på delingstimar og årstimar til andre undervisningsformål i dei største kommunane kan også forklare at driftsutgiftene per klasse var høgare i desse kommunane enn i dei nest største (jf. tabell 5.2). Bruken av spesialundervisning var likevel minst i dei fem største kommunane (eit tillegg på 20 prosent).

5.3. Årsverk i grunnskolen

Skoleåret 1999/2000 var det i GSI registrert nærmere 60 000 årsverk til undervisning, administrasjon og assistantar.

- Undervisningspersonalet utførte nesten 51 000 årsverk, eller 85 prosent av alle årsverk.
- Administrasjon omfattar årsverk til rektor, administrasjonslærar, undervisningsinspektør, rådgjevar/sosiallærar og kontaktlærar for elevråd. Om lag 4 800 eller 8 prosent av alle årsverk gjekk til administrasjon.
- Assistentar i skolen er tilsette som har oppgåver knytte til å hjelpe læraren i undervisninga, og som har kommunale arbeidsvilkår. Assistentane utførte over 4 000 årsverk, eller om lag 7 prosent av alle årsverka.

Det var assistentårsverka som auka mest i perioden 1994/95–1999/2000. Medan auken i undervisningsårsverka var 16 prosent i perioden, var auken i assisterterårsverka 130 prosent.

5.5. Årsverk, årsverk per klasse og elevar per årsverk. Skoleåra 1994/95-1999/2000



Skoleår	Årsverk					Årsverk per klasse ¹	Elevar per årsverk ¹
	I alt	Admi-nistra-tive	Under-visning	Assis-tent			
1994/95.....	48 553	3 092	43 709	1752	2,02	9,72	
1995/96.....	48 988	3 307	43 743	1938	2,02	9,77	
1996/97.....	49 844	3 655	44 076	2113	2,03	9,77	
1997/98.....	55 779	3 988	49 162	2629	1,98	10,01	
1998/99.....	58 596	4 705	50 225	3666	2,05	9,71	
1999/2000 ..	59 574	4 781	50 741	4052	2,05	9,74	

¹ Årsverk per klasse og Elevar per årsverk er berekna på bakgrunn av årsverk i alt.

Kjelde: GSI.

Frå 1996/97 til 1997/98 steig talet på årsverk med om lag 6 000. Auken har samanheng med at grunnskolen vart utvida frå ni til ti trinn.

Talet på årsverk per klasse var stabilt på om lag to i perioden 1994/95-1999/2000, og elevtalet per årsverk var relativt stabilt på om lag ti i denne perioden.

Det er likevel knytt ein del uvisse til rapporteringa av årsverk. Samanlikningar mellom årstimar og årsverk tyder på at årsverka er underrapporterte. Dette gjeld særleg skoleåret 1998/99. Veksten frå 1998/99 til 1999/2000 kan derfor kome av betre rapportering, utan at det har vore nokon reell vekst.

Temadel - Undervisningspersonalet i grunnskolen og kompetansen deira

6. Undervisningspersonalet

Alle norske barn og unge har med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa av 9. juni 1998 (Opplæringslova) plikt til grunnskoleopplæring og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring (§ 2-1). Det heiter også at dei som blir tilsette i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregående skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse (§ 10-1). Vidare står det at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte eleven og lærlingen (§1-2).

6.1. Fleire grunnskolelærarar

Det har vore ein etter måten sterkt vekst i talet på lærarar dei siste 15 åra. I 1984/85 underviste 48 760 lærarar i grunnskolen (både offentleg og privat), i 1992/93 53 347 og i 1998/99 65 400. Elevtala i tilsvarende skoleår var respektive 550 100, 463 300 og 569 000. Frå 1996/97 til 1997/98 auka lærartalet med over 6 000, men denne auken kom hovudsakleg av at seksåringane begynte på skolen frå og med skoleåret 1997/98, og at grunnskolen med dette blei utvida frå ni til ti år. I overkant av 31 prosent av lærarane i grunnskolen var i 1998/99 deltidstilsette. Nær 70 prosent av lærarane dette skoleåret var kvinner. Av dei som arbeidde deltid var om lag 85 prosent kvinner. Kvinnedelen blant grunnskolelærarane auka klart på 1990-talet. I 1984/85 utgjorde kvinnene 57 prosent av lærarane, i 1988/89 62 prosent, i 1992/93 64 prosent og i 1998/99 69 prosent.

Kvinnedelen blant lærarane er høgast i kommunegruppe 9, 10 og 11 (Oslo) og lågast i kommunegruppe 3, 4 og 5. Det er altså høgast kvinnedel i dei større kommunane og lågast i dei mindre.

6.1. Lærarar i grunnskolen, etter kjønn.
Skoleår 1984/85 - 1998/1999

Skoleår	Lærarar		
	I alt	Menn	Kvinner
1984/85	48 760	20 840	27 920
1985/86	48 763	20 578	28 185
1986/87	50 299	20 223	30 076
1987/88	51 697	19 983	31 714
1988/89	52 230	19 722	32 508
1989/90	50 904	19 198	31 706
1990/91	50 614	18 800	31 814
1991/92	51 814	19 155	32 659
1992/93	53 347	19 234	34 113
1993/94	53 206	18 882	34 324
1994/95	53 910	18 634	35 276
1995/96	54 899	18 698	36 201
1996/97	56 368	18 920	37 448
1997/98	62 817	19 924	42 893
1998/99	65 400	20 042	45 358

Kjelde: SST/STS.

Om statistikken

Klassifisering av kommunar etter folkemengd og bundne kostnader

1. Dei tre største byane (eksl. Oslo)
2. Dei ti kommunane med dei høgaste frie disponibele inntektene per innbyggjar
3. Små kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar
4. Små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar
5. Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar
6. Mellomstore kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar
7. Mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar
8. Mellomstore kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar
9. Store kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar
10. Store kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar
11. Store kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar (Oslo)

6.2. Lærarar i grunnskolen per 1. oktober 1998, etter kjønn og kommunegruppe



Kommunegruppe ¹	I alt	Menn	Kvinner
I alt	² 65 380	20 035	45 345
0001	5 641	1 642	3 999
0002	344	108	236
0003	417	143	274
0004	7 214	2 507	4 707
0005	4 412	1 517	2 895
0006	12 610	3 935	8 675
0007	10 590	3 444	7 146
0008	648	213	435
0009	13 608	3 948	9 660
0010	4 266	1 171	3 095
0011	5 630	1 407	4 223

¹ Kommunegruppe, sjå forklaring Om statistikken.

² Svalbard er ikkje med i tala.

Kjelde:SST/STS.

6.2. Noko høgare gjennomsnittsalder blant lærarane

Gjennomsnittsalderen på lærarane i grunnskolen endra seg ikkje så mykje på 1990-talet. I perioden frå 1992/93 til 1998/99 varierte gjennomsnittsalderen frå 43,5 år til 44,5 år (private grunnskolar er ikkje med i tala). Delen lærarar 50 år og over auka likevel frå 27 prosent i 1992/93 til 35 prosent i 1997/98 for så å bli redusert til litt over 33 prosent igjen i 1998/99. Det er ingen store skilnader i gjennomsnittsalderen etter kommunanes innbyggjartal, men han er lågast i dei aller minste kommunane og i Oslo. Lærarane er yngre i Finnmark og til dels i Oslo enn i dei andre fylka. Frå 1992/93 til 1998/99 blei det særleg færre lærarar i aldersgruppa 40-49 år.

Det er som tidlegare nemnd spesielt mange unge lærarar i kommunegruppe 11 (Oslo), medan det er flest eldre lærarar i kommunegruppe 8. I Oslo var 22 prosent av lærarane under 30 år, landsgjennomsnittet var i underkant av 15. I kommunegruppe 8 var 37 prosent av lærarane 50 år eller meir, landsgjennomsnittet var mellom 33 og 34 prosent. Det er også visse skilnader i aldersprofilen til lærarane i dei andre kommunegruppene, men dei er ikkje så markante.

6.3. Fleire uteksaminerte allmennlærarar det siste tiåret

Det har vore ein sterk auke i talet på uteksaminerte lærarar på 1990-talet. På midten av 1980-talet blei det uteksaminert mellom 700 og 800 allmennlærarar i året. Det var ein vekst i talet på fullførte allmennlærarutdanningar på slutten av 1980-talet, og i byrjinga på 1990-talet fullførte kvart år i overkant av 1 000 studentar allmennlærarutdanninga. På slutten av 1980-talet og i byrjinga på 1990-talet auka tilstrøyminga av nye studentar til universiteta og høgskolane kraftig. Det blei

oppretta mange nye studieplassar på ulike studium, også i lærarutdanninga. Samtidig blei allmennlærarutdanninga utvida frå tre til fire år. Medan det i 1991/1992 blei uteksaminert 1 052 allmennlærarar, auka talet til heile 1 734 i 1993/1994, ein auke på 65 prosent. Året etter var talet redusert til 556, men dette kjem i første rekke av overgangen frå treårig til fireårig allmennlærarutdanning. Mot slutten av 1990-talet var det igjen ein vekst i talet på studentar som fullførte allmennlærarutdanninga. I 1997/98 nådde talet nesten 2 000. Dette året fullførte 1 932 studentar denne utdanninga.

I alle år frå 1986/87 til 1997/98 har det vore ei sterk overvekt av kvinner blant dei som har teke allmennlærarutdanning. I studieåret 1986/87 var 74 prosent av alle som fullførte denne utdanninga kvinner. Prosentdelen steig ytterlegare mot slutten av 1980-talet og hadde i 1990/91 kome opp i 79. På 1990-talet endra denne utviklingstendensen seg noko. Etterkvart som det blei fleire studentar ved allmennlærarutdanninga auka også delen mannlege studentar. Frå og med midten av 1990-talet utgjorde mennene 32-33 prosent av alle dei uteksaminerte allmennlærarane, dvs. at ein av tre av alle som fullførte allmennlærarutdanninga var menn. Av alle dei 9 825 studentane som var registrerte som allmennlærarstudentar hausten 1998 var 6 684 kvinner, dvs. 68 prosent. Kvinnedelen blant dei som fullfører allmennlærarutdanninga i nærmaste framtid vil derfor høgst sannsynleg forandre seg lite.

Talet på søkerar til allmennlærarutdanninga har gått ned frå 18 028 søkerar i 1996 til 9 399 i 2000. Talet på primærsøkerarar er 3 767 (kan bli endra) i 2000, nesten ei halvering frå 1996. I samme perioden har talet på studieplassar gått opp frå 2 563 til 2 864 (kan bli endra). Den sterke nedgangen i søkerantalet til allmennlærarutdanninga har ført til at opptakskrava til lærarutdanninga er blitt lågare (Kjelde, Samordna opptak, 2000). Både den faglege kvaliteten på lærarstudentane og innhaldet og organiseringa av allmennlærarutdanninga har derfor i den seinare tida stått sentralt i den offentlege debatten om lærarutdanninga.

6.3. Lærarar, etter alder og kommunegruppe. 1. oktober 1998

Kommune-gruppe	I alt (absolute tal)	Alder (Prosent)				
		-29	30-39	40-49	50-59	60-
I alt	1 65 380	14,7	20	30,1	27,9	5,5
I alt utanom Oslo	59 750	14,0	20,0	30,5	28,4	5,5
1	5 641	15,4	18,6	28,0	27,5	6,5
2	344	14,0	28,8	28,8	26,2	2,3
3	417	17,3	19,7	35,0	24,0	4,1
4	7 214	13,5	21,7	31,9	27,8	4,7
5	4 412	14,7	22,4	30,3	27,9	4,6
6	12 610	14,2	19,2	32,1	28,2	4,9
7	10 590	12,6	20,4	31,1	29,3	5,5
8	648	9,70	20,2	33,2	31,2	5,7
9	13 608	14,5	19,0	29,0	28,8	6,5
10	4 266	13,9	20,6	29,4	27,8	6,1
11	5 630	22,0	19,9	26,3	22,6	4,9

¹ 1 195 av lærarane er ved private grunnskolar. Desse kan ikkje fordelast på alder, og prosentsummane blir derfor under 100.

Kjelde:SST/STS.

6.4. Studentar som fullførte ei allmennlærarutdanning, etter kjønn. 1986/87-1998/99

Studieår	I alt	Menn	Kvinner
1986/87	782	201	581
1987/88	708	166	542
1988/89	816	187	629
1989/90	865	190	675
1990/91	1 022	217	805
1991/92	1 052	232	820
1992/93	1 389	363	1 026
1993/94	1 734	513	1 221
1994/95	556	168	388
1995/96	1 589	524	1 065
1996/97	1 821	588	1 233
1998/99	1 932	637	1 295

Kjelde:SSB.

6.4. Nesten ingen med matematisk-naturvit-skapelege fag tar praktisk-pedagogisk utdanning

Sjølv om dei fleste studentane ved praktisk-pedagogisk utdanning ved universiteta blir lærarar i den vidaregåande skolen, vil også ein del av dei få virke sitt i grunnskolen. Det er stadig færre av dei som fullfører cand.mag.-graden eller hovudfag som tek ettårig praktisk-pedagogisk utdanning (tidlegare pedagogisk seminar). Studieåret 1993/94 tok 891 studentar eksamen i praktisk-pedagogisk utdanning. Nesten 59 prosent av desse var kvinner. Tala for 1994/95, 1995/96, 1996/97 og 1997/98 var respektive 486, 908, 670 og 845. Talet for 1994/95 er lågt fordi den praktisk-pedagogiske utdanninga i 1994 blei utvida frå eitt til to semestre, og nesten ingen blei uteksaminert høsten 1994. Kvinnelen steig og var i 1997/98 kome opp i 66 prosent, dvs. at to av tre studentar som fullførte den praktisk-pedagogiske utdanninga dette studieåret var kvinner.

Det er ei skeiv fagleg rekruttering til den praktisk-pedagogiske utdanninga. Det er mange søkerar med samfunnssfag, historie og kristendom, men få søkerar med viktige skolefag som framandspråk, nordisk og realfag i fagkrinsen. Av dei 283 studentane ved praktisk-pedagogisk utdanning ved Universitetet i Oslo hausten 1999 var det berre 29 som hadde typiske matematisk-naturvit-skapelege fag som studiefag. 62 prosent av heile studentmassen var kvinner (statistikk frå PPU ved Universitetet i Oslo). Studentane er yngre enn for nokre år sidan, og det er færre som har hovudfag.

6.5. Studentar som fullførte praktisk-pedagogisk utdanning (pedagogisk seminar), etter kjønn. Studieåra 1993/94-1997/98



Studieår	I alt	Menn	Kvinner
1993/94	891	367	524
1994/95	486	178	308
1995/96	908	331	577
1996/97	670	244	426
1997/98	845	286	559

Kjelde:SSB.

7. Kompetansen til undervisningspersonalet

7.1. Lærarmangel i tidlegare tider

Først på 1950-talet var det store årskull som kom inn i skolen, og talet på elevar steig med om lag 100 000 fra 1950 til 1955 i den daverande sjuårige folkeskolen. Kvar femte folkeskolelærar var utan godkjend lærarutdanning dette året (Bråstad Jensen). Det var spesielt bygdene som opplevde lærarmangelen. Løysinga på dette problemet var ein omfattande bruk av erstatningslærarar. Utekksaminerte gymnasistar reiste til bygdene og dreiv som folkeskolelærarar, som oftast i eitt år. Aller hardast ramma av lærarmangelen i folkeskolen i 1950-åra var Nord-Noreg og Sogn og Fjordane. Det

7.1. Del årsverk utført av undervisningspersonale med godkjend lærar- eller førskolelærarutdanning, etter skolefylke og kommunegruppe. Skoleåret 1999/2000

Skolefylke	Undervisningspersonale med godkjend lærar- eller førskolelærarutdanning
I alt	94,4
Østfold	95,9
Akershus	92,2
Oslo	91,5
Hedmark	96,3
Oppland	94,6
Buskerud	92,2
Vestfold	97,2
Telemark	95,5
Aust-Agder	97,3
Vest-Agder	97,8
Rogaland	93,9
Hordaland	97,0
Sogn og Fjordane	92,3
Møre og Romsdal	95,3
Sør-Trøndelag	95,6
Nord-Trøndelag	97,0
Nordland	92,2
Troms	92,5
Finnmark	90,5

Kommunegruppe

I alt	94,4
1	97,3
2	92,2
3	96,2
4	93,6
5	90,9
6	94,3
7	94,1
8	96,7
9	95,7
10	95,1
11	91,5

¹ Årsverk utført av personale med administrative og pedagogiske leiaroppgåver og årsverk av assistentar ikkje medrekna.

Kjelde: GSI.

7.2. Del med godkjend/ikke godkjend utdanning blant lærarane i grunnskolen. Skoleåret 1998/99. Prosent

	I alt	Godkjend utdanning for å undervise i grunnskolen		Talet på respondentar i berekningsgrunnlaget
		Ja	Nei	
I alt	100	96,3	3,7	2 681
Kjønn				
Mann	100	98,2	1,8	965
Kvinne	100	95,5	4,5	1 716
Skoletrinn				
Småskoletrinnet ..	100	94,4	5,6	758
Mellomtrinnet	100	97,0	3,0	547
Heile barnetrinnet ..	100	95,0	5,0	111
Ungdomstrinnet ..	100	98,1	1,9	1 170
Både barne- og ungdomstrinnet ..	100	98,0	2,0	95
Inndelingsform				
Fulldelt	100	96,7	3,3	2 220
Fårdelt	100	94,1	5,9	460
Aldersgruppe				
30 år eller yngre ..	100	96,7	3,3	231
31-40 år	100	92,3	7,7	478
41-50 år	100	95,8	4,2	937
51-60 år	100	98,7	1,3	897
61 år eller eldre ..	100	98,0	2,0	138

Kjelde: SSB

blei etter kvart oppretta ein del lærarskolar og lærarskoleklassar som førebels skulle redusere problema lærarmangelen skapte. Sjølv om desse skolane blei permanente var det ikkje mogleg å dekkje behovet (Bråstad Jensen). Lærarmangelen har sidan gått i bølgjer, og faktorar som storleiken på elevkulla, lesetid for lærarar, vedtak om klassestørleik/skolestruktur og innføring av 9-årig grunnskole har hatt mykje å seie. Kor mange av lærarane er i dag utan godkjend utdanning?

7.2. 6 prosent av lærarårsverka utført av ufaglærte

Nesten 6 prosent av lærarårsverka i grunnskolen (både offentleg og privat) blei i skoleåret 1999/00 utført av undervisningspersonale utan godkjend lærar- eller førskolelærarutdanning, viser tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI). Assistentar og administrativt personale er da haldne utanfor. I Agderfylka, Vestfold, Hordaland og Nord-Trøndelag stod fagleg kvalifisert personale for heile 97 prosent eller meir av årsverka.

På motsett ende av skalaen finn vi Finnmark og Oslo med 90-91,5 prosent, dvs. at eitt av ti undervisningsårsverk blei utførte av personale utan godkjend utdanning dette skoleåret. Også i fylka Akershus, Buskerud,

Nordland, Sogn og Fjordane og Troms stod ufaglærte for ein forholdsvis stor del av lærarårsverka.

Det er også variasjonar i delen av undervisningspersonalet som har undervisningskompetanse i dei forskjellige kommunegruppene. I kommunegruppe 5, dvs. små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar utgjorde dei «ufaglærte» årsverk eitt av ti i 1999/00. Også i kommunegruppe 2, dei ti kommunane med høgast del frie disponible inntekter per innbyggjar og ikkje minst i kommunegruppe 11, dvs. Oslo, utgjorde desse årsverka ein forholdsvis høg prosentdel av dei totale undervisningsårsverka. I kommunegruppe 1 derimot, dei tre største byane (eksl. Oslo), blei i overkant av 97 prosent av årsverka utført av undervisningspersonele med godkjend lærar- eller førskolelærarutdanning. I Bergen stod personale med godkjend utdanning for 99 prosent av undervisningsårsverka. Dei resterande kommunegruppene låg nærmare gjennomsnittet for landet.

Statistisk sentralbyrå har gjennomført to intervjuundersøkingar om kompetanseprofilen blant lærarane i grunnskolen. Den første blei gjennomført våren 1999, den andre våren 2000. Formålet med undersøkinga var å kartlegge behovet for etter- og vidareutdanning i samband med innføringa av ny læreplan (L97) frå 1997. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet var oppdragsgjevar, og utvalet bestod av 4 900 personar som underviste i skolen hausten 1997, og vel 90 prosent av dei spurde deltok. Undersøkinga skulle også kartlegge kva for ei utdanning lærarane i grunnskolen har for å undervise i matematikk, natur- og miljøfag,

og i tilvalsspråka (tysk, fransk og finsk). Undersøkinga skulle også kaste lys over kor mange som hadde delteke i etterutdanning i undervisningsfaga sine, og ikkje minst kor mange som følte at dei hadde behov for å auke kompetansen i desse faga.

Blant respondentane i 1999-undersøkinga, som det ligg føre resultat frå, svarte i overkant av 96 prosent at dei hadde godkjend utdanning for å undervise i grunnskolen. Delen var noko lågare for kvinner enn for menn, og noko lågare for dei som arbeidde på barnetrinnet (småskoletrinnet og mellomtrinnet) enn på ungdomstrinnet. Tala avvik lite frå dei årsverkstala vi har gjort greie for i kapittel 3.2. Blant dei i aldersgruppa 31-40 år var det nesten 8 prosent som ikkje hadde godkjend utdanning, blant dei i aldersgruppa 61 år og over, berre 2 prosent.

Det er fleire lærarar utan godkjend utdanning ved dei fådelte skolane, enn ved dei fulldelte.

Ni av ti av dei som deltok i undersøkinga oppgav å ha grunnutdanning frå lærarskole eller ein høgskole. Blant dei som hadde ei slik grunnutdanning oppgav 36 prosent at dei også hadde ei tilleggsutdanning frå eit universitet. Dette gjaldt for 42 prosent av mennene og for 33 prosent av kvinnene. Over halvparten av lærarane på ungdomstrinnet hadde ei slik utdanning og 25 prosent av lærarane på småskoletrinnet. Delene ved fulldelte og fådelte skolar var respektive 37 og 29 prosent. Blant lærarar som var 61 år eller eldre hadde nær halvparten ei tilleggsutdanning frå universitetet, medan det

7.3. Del med tilleggsutdanning/ikkje tilleggsutdanning frå universitet blant respondentar med grunnutdanning frå lærarskole eller høgskole. Skoleåret 1998/99. Prosent

	I alt	Ja	Nei	Talet på respondentar i beregningsgrunnlaget
I alt	100	35,9	64,1	2 321
Kjønn				
Mann	100	42,0	58,0	782
Kvinne	100	33,4	66,6	1 539
Skoletrinn				
Småskoletrinnet ...	100	25,1	74,9	737
Mellomtrinnet	100	36,8	63,2	527
Heile barnevernstrinnet	100	39,0	61,0	108
Ungdomstrinnet ..	100	51,7	48,3	862
Både barne- og ungdomstrinnet ...	100	32,4	67,6	87
Inndelingsform				
Fulldelt	100	37,2	62,8	1 890
Fådelte	100	29,4	70,6	430
Aldersgruppe				
30 år eller yngre ..	100	30,7	69,3	209
31-40 år	100	29,9	70,1	429
41-50 år	100	35,6	64,4	813
51-60 år	100	39,3	60,7	750
61 år eller eldre ...	100	47,8	52,2	120

7.4. Delen lærarar som ønskjer å auke kompetansen sin i ulike fag. Skoleåret 1998/99. Prosent

	Matematikk	Natur- og miljøfag	Natur-fag	Tysk	Fransk
I alt	69,6	80,2	68,8	73,9	80,6
Kjønn					
Mann	70,5	80,2	71,3	70,2	:
Kvinne	69,2	80,2	66,5	76,1	:
Skoletrinn					
Småskoletrinnet ...	69,9	80,9	71,2	:	:
Mellomtrinnet	70,4	83,3	64,8	:	:
Heile barnevernstrinnet	64,7	75,6	:	:	:
Ungdomstrinnet ..	69,3	76,7	70,3	73,7	:
Både barne- og ungdomstrinnet ...	71,2	72,2	:	76	:
Inndelingsform					
Fulldelt	69,8	79,7	69,5	74,5	:
Fådelte	68,9	82,3	64,4	68,3	:
Aldersgruppe					
30 år eller yngre ..	85,7	84,4	76,7	:	:
31-40 år	83,0	84,3	74,9	79,8	:
41-50 år	71,5	80,2	72,1	81,5	:
51-60 år	61,2	78,1	66,3	71,1	:
61 år eller eldre ...	28,0	50,8	:	:	:

Kjelde:SSB

same var tilfelle for mindre enn ein av tre av dei som var 40 år eller yngre. Om lag 87 prosent av lærarane som hadde heile eller delar av utdanninga si frå eit universitet hadde utdanning på cand.mag-nivå, medan 10 prosent hadde hovudfag.

Av lærarane som oppgav at dei hadde høgskoleutdanning hadde nesten 56 prosent ein 3- eller 4-årig lærarskole-/allmennlærarutdanning og 27 prosent gammel to-årig lærarskoleutdanning. I underkant av 6 prosent hadde førskolelærarutdanning. Utdanningsprofilen til dei lærarskole-/høgskoleutdanna lærarane er relativt lik i fådelte og fulodelte skolar. Det var fleire av dei mannlege enn av dei kvinnelege lærarane som hadde 3-4 års lærarutdanning og mellom tre- og firedobbeltså mange av kvinnene som av mennene som hadde førskolelærarutdanning.

7.4. Stor interesse for kompetanseheving

Lærarane som deltok i intervjuundersøkinga i 1999, blei også spurde om etterutdanninga (som ikkje er kompetansegevande) dei hadde teke i samband med innføring av ny læreplan (L97). Det viste seg at ein av tre av lærarane i natur- og miljøfag hadde teke etterutdanning. Det same var tilfelle for litt under 30 prosent av lærarane i tysk. 5-10 prosent av lærarane som ikkje hadde teke etterutdanning, hadde meir eller mindre konkrete planar om dette.

Ein overveldande del av lærarane ønskjer å halde fram med å undervise i faga som dei underviser i i dag. Det er ingen markante skilnader på mannlege og kvinnelege lærarare når det gjeld ønske, mellom yngre og eldre lærarar eller mellom lærarar i skolar av ulik storleik.

Heile 80 prosent av lærarane i natur- og miljøfag og i fransk gav uttrykk for at dei ønskjer å auke kompetansen sin i faget. Det same var tilfelle for frå 69 til 74 prosent av lærarane i dei andre faga. I hovudsak var yngre lærarar noko meir interesserte i kompetanseheving enn dei litt eldre, men det var relativt små skilnader mellom mannlege og kvinnelege lærarar når det gjaldt deira ønske. Det var ikkje noko klart og entydig mønster i interessen for kompetanseheving blant lærarar på ulike trinn og i skolar av forskjellig storleik.

Over halvparten av lærarane kunne tenkje seg å ta etterutdanning via Internett og 37-45 prosent som brevkurs, kurs på kveldstid eller i ferien. Interessa for Internett var spesielt stor blant menn, medan fleire kvinner enn menn var villig til å bruke ferien. I hovudsak var det slik at ønsket om å ta etter- og vidareutdanning var større ved mindre skolar enn ved større.

Litteratur/kjelder:

Bråstad Jensen, Eivind: *Vegen inn i utdanningssamfunnet*. Oslo 1999.

Roll-Hansen, Dag: *Kompetanse i grunnskolen. Notat 20/99* Statistisk sentralbyrå 1999.

Slette, Øystein (red.): *Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa. Opplæringslova. Forarbeid og vedtak*. Oslo 1998.

Upublisert statistikk frå Institutt for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Universitetet i Oslo.

Vedleggstabell 1. Del skolar, etter skolestorleik (elevtal). 1997/98-1999/2000. Prosent

Skoleår	Skolestorleik (elevtal)					
	0-49	50-99	100-199	200-299	300-399	400-
1997/98	22,33	17,17	24,29	17,32	12,34	6,54
1998/99	21,76	16,60	24,69	17,21	12,91	6,84
1999/2000	21,30	16,56	23,72	17,39	13,54	7,49

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 2. Del elevar, etter sklestorleik (elevtal). 1997/98-1999/2000. Prosent

Skoleår	Sklestorleik (elevtal)					
	0-49	50-99	100-199	200-299	300-399	400-
1997/98	3,49	7,35	20,88	25,23	24,72	18,33
1998/99	3,35	6,95	20,93	24,69	25,38	18,70
1999/2000	3,16	6,78	19,67	24,30	26,15	19,94

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 3. Klassar og elevar, etter klasstrinn og talet på trinn i klassen. Skoleåret 1999/2000

Trinn i klassen	Klasstrinn									
	1		2		3		4		5	
	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar
I alt	2 972	56 608	3 235	61 973	3 027	60 021	3 379	63 973	3 027	59 829
1	2 972	56 608	2 729	55 605	2 741	55 605	2 703	55 096	2 725	55 083
2	-	-	506	6 368	208	3 451	497	7 036	248	4 127
3	-	-	-	-	78	965	68	711	41	507
4	-	-	-	-	-	-	111	1 130	10	82
5	-	-	-	-	-	-	-	-	3	30
Klasstrinn										
6		7		8		9		10		
	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar	klassar	elevar
I alt	2 754	55 424	3 378	61 324	2 304	53 343	2 245	52 322	2 394	52 961
1	2 548	52 325	2 580	50 480	2 251	52 699	2 164	51 175	2 214	50 895
2	182	2 835	388	6 080	30	414	76	1 091	68	886
3	10	132	354	4 234	15	165	2	32	99	1 069
4	4	32	20	174	5	38	1	5	6	56
5	8	79	17	153	1	7	2	19	2	19
6	2	21	11	122	1	11	-	-	3	21
7	-	-	8	81	1	9	-	-	2	15

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 4. Klassar og elevar med eitt eller fleire klasstrinn i klassen, etter klasstrinn. Skoleåret 1999/2000



Trinn i klassen	Klasstrinn										
	1		2		3		4		5		
	klassar	elevar		klassar	elevar		klassar	elevar		klassar	elevar
Klassar med eitt klasstrinn i klassen	2 972	56 608		2 729	55 605		2 741	55 605		2 703	55 096
Gj.snittleg klassestorleik for desse	-	19,05		-	20,38		-	20,29		-	20,38
Klassar med fleire klasstrinn i klassen	0	0	506	6 368		286	4 416		676	8 877	
Gj.snittleg klassestorleik for desse	-	19,05		-	20,38		-	20,29		-	20,38
Klassar med elevar frå fleire hovudtrinn (småskole-, mellom- og ungdomstrinn)	-	-	-	-	-	-	-	-	-	302	4 746
Klasstrinn											
	6		7		8		9		10		
	klassar	elevar		klassar	elevar		klassar	elevar		klassar	elevar
Klassar med eitt klasstrinn i klassen	2 548	52 325		2 580	50 480		2 251	52 699		2 164	51 175
Gj.snittleg klassestorleik for desse	-	20,54		-	19,57		-	23,41		-	23,65
Klassar med fleire klasstrinn i klassen	206	3 099	798	10 844		53	644		81	1 147	
Gj.snittleg klassestorleik for desse	-	20,54		-	19,57		-	23,41		-	23,65
Klassar med elevar frå fleire hovudtrinn (småskole-, mellom- og ungdomstrinn)	24	264	56	530		53	644		5	56	
Kjelde: GSI.											

Vedleggstabell 5. Klassar, etter klasstrinn og kommunestorleik (elevtal i kommunen). Skoleåret 1999/2000



Kommunestorleik (elevtal i kommunen)	Klasstrinn						
	1	2	3	4	5	6	7
1. Mindre enn 300	925	356	128	41	12	9	6
2. 300-699	2 758	647	226	48	12	4	2
3. 700-2 399	7 840	843	214	49	5	4	3
4. 2 400-9 999	8 778	314	90	17	4	-	-
5. 10 000 eller meir	5 316	43	9	2	-	-	-

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 6. Elevar, etter klasstrinn og kommunestorleik (elevtal i kommunen). Skoleåret 1999/2000



Kommunestorleik (elevtal i kommunen)	Klasstrinn						
	1	2	3	4	5	6	7
1. Mindre enn 300	13 677	4 955	1 352	376	112	88	54
2. 300-699	50 194	9 154	2 571	476	112	43	20
3. 700-2 399	159 228	12 836	2 680	479	38	44	31
4. 2 400-9 999	189 451	4 700	1 078	155	45	-	-
5. 10 000 eller mer	122 875	643	134	31	-	-	-

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 7. Elevar som får spesialundervisning, etter kjønn og tildelte timetal. Skoleåret 1998/99



1998/99

Tildelte årstimer	I alt	Gutar	Jenter
I alt	34 208	23 741	10 467
-100	8 019	5 484	2 535
101-360	20 418	14 385	6 033
361-	5 771	3 872	1 899

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 8. Del elevar som får spesialundervisning, etter skoleslag. Skoleåra 1994/95-1998/99. Prosent



Skoleår	Grunnskolar i alt	Reine barneskolar	Reine ungdomsskolar
1994/95	6,3	5,8	6,9
1995/96	6,3	5,7	7,3
1996/97	6,3	5,6	7,3
1997/98	5,8	5,0	7,3
1998/99	6,0	5,2	7,5

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 9. Del elevar som får spesialundervisning, etter skoleslag og kjønn. Skoleåra 1994/95-1998/99. Prosent



Skoleår	Grunnskolar i alt		Reine barneskolar		Reine ungdomsskolar	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
1994/95	70,6	29,4	70,6	29,4	70,2	29,8
1995/96	70,4	29,6	70,2	29,8	70,6	29,4
1996/97	69,9	30,1	70,1	29,9	69,5	30,5
1997/98	69,8	30,2	69,6	30,4	69,8	30,2
1998/99	69,4	30,6	69,4	30,6	68,8	31,2

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 10. Elevar som får spesialundervisning, etter kjønn og tildelte årstimer. Skoleåra 1996/97- 1998/99. Prosent



Tildelte årstimer	1996/97			1997/98			1998/99		
	I alt	Gutar	Jenter	I alt	Gutar	Jenter	I alt	Gutar	Jenter
I alt (=100 prosent)	30 520	21 348	9 172	32 519	22 705	9 814	34 208	23 741	10 467
-100	27	26,6	28,1	24,9	24,9	24,9	23,4	23,1	24,2
101-360	55,5	56,2	54,1	58,1	58,6	56,8	59,7	60,6	57,6
361-	17,4	17,2	17,9	17,1	16,5	18,2	16,9	16,3	18,1

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 11. Elevar i alt og elevar som får spesialundervisning, etter kjønn. Skoleåret 1998/99



	I alt	Gutar	Jenter
Elevar i alt	569 044	292 280	276 764
Elevar som får spesialundervisning	34 208	23 741	10 467

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 12. Elevar med morsmålsopplæring og timar per elev. Skoleåra 1992/93 - 1999/2000

Skoleår	Elevar	Morsmålstimar	Timar/elev
1992/93	10 043	404 827	40,3
1993/94	9 933	438 811	44,2
1994/95	10 204	439 863	43,1
1995/96	11 276	501 379	44,5
1996/97	12 770	578 116	45,3
1997/98	15 810	701 779	44,4
1998/99	17 008	743 210	43,7
1999/2000	17 306	726 791	42,0

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 13. Elevar med særskild norskopplæring og timar per elev. Skoleåra 1997/98 - 1999/2000

Skoleår	Elevar	Timar til særskild norskundervisning	Timar/elev
1992/93	864 764	..
1993/94	982 188	..
1994/95	1 102 508	..
1995/96	1 208 741	..
1996/97	1 205 029	..
1997/98	24 599	1 551 018	63,1
1998/99	25 311	1 588 976	62,8
1999/2000	28 242	1 726 439	61,1

Kjelde: GSI.

**Vedleggstabell 14. Elevar i alt og elevar med særskild norskopplæring, etter skolefylke. Absolutte tal og prosent.
Skoleåret 1999/2000**

Skolefylke	Elevar i alt	Av dette elevar som får særskild norskopplæring	Prosentdel som får særskild norskopplæring
Heile landet	580 261	28 242	4,9
Oslo	49 460	8 144	16,5
Vest-Agder	22 107	1 489	6,7
Buskerud	29 803	1 867	6,3
Akershus	64 318	3 364	5,2
Østfold	30 660	1 553	5,1
Telemark	21 008	900	4,3
Rogaland	54 344	2 186	4,0
Aust-Agder	13 893	540	3,9
Vestfold	27 926	1 032	3,7
Hordaland	59 258	2 088	3,5
Sør-Trøndelag	34 200	1 189	3,5
Finnmark	10 001	346	3,5
Møre og Romsdal	33 132	888	2,7
Hedmark	22 896	590	2,6
Oppland	22 086	543	2,5
Sogn og Fjordane	15 079	325	2,2
Nordland	32 234	606	1,9
Troms	20 254	339	1,7
Nord-Trøndelag	17 602	253	1,4

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 15. Elevar i alt og elevar som får morsmålsopplæring, etter skolefylke. Absolutte tal og prosent.
Skoleåret 1999/2000



Skolefylke	Elevar i alt	Av dette elevar som får morsmålsopplæring	Prosentdel som får morsmålsopplæring
Heile landet	580 261	17 306	3,0
Oslo	49 460	3 141	6,4
Finnmark	10 001	425	4,2
Buskerud	29 803	1 240	4,2
Østfold	30 660	1 146	3,7
Hordaland	59 258	2 031	3,4
Akershus	64 318	2 130	3,3
Rogaland	54 344	1 672	3,1
Vest-Agder	22 107	657	3,0
Telemark	21 008	590	2,8
Vestfold	27 926	706	2,5
Aust-Agder	13 893	330	2,4
Oppland	22 086	499	2,3
Hedmark	22 896	491	2,1
Sør-Trøndelag	34 200	616	1,8
Møre og Romsdal	33 132	574	1,7
Troms	20 254	323	1,6
Sogn og Fjordane	15 079	196	1,3
Nordland	32 234	371	1,2
Nord-Trøndelag	17 602	168	1,0

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 16. Elevar som får særskild norskopplæring, timer i alt og timer per elev, etter skolefylke.
Skoleåret 1999/2000



Skolefylke	Elevar som får særskild norskopplæring	Timer til særskild norskopplæring	Timer til særskild norskopplæring per elev
Heile landet	28 242	1 726 439	61,1
Sogn og Fjordane	325	35 536	109,3
Nord-Trøndelag	253	25 387	100,3
Troms	339	32 474	95,8
Finnmark	346	32 935	95,2
Møre og Romsdal	888	80 426	90,6
Oppland	543	47 902	88,2
Nordland	606	51 409	84,8
Hedmark	590	46 117	78,2
Oslo	8 144	503 219	61,8
Aust-Agder	540	33 309	61,7
Vestfold	1 032	62 905	61,0
Akershus	3 364	194 851	57,9
Sør-Trøndelag	1 189	66 349	55,8
Hordaland	2 088	115 811	55,5
Buskerud	1 867	99 694	53,4
Telemark	900	47 842	53,2
Rogaland	2 186	111 991	51,2
Østfold	1 553	76 835	49,5
Vest-Agder	1 489	61 447	41,3

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 17. Elevar som får morsmålsopplæring, timer i alt og timer per elev, etter skolefylke.
Skoleåret 1999/2000



Skolefylke	Elevar som får morsmåls- opplæring	Timar til morsmåls- opplæring	Timar til morsmåls- opplæring per morsmålelev
Heile landet	17 306	726 791	42,0
Nord-Trøndelag	168	10 853	64,6
Troms	323	20 445	63,3
Nordland	371	22 541	60,8
Hedmark	491	28 167	57,4
Møre og Romsdal	574	32 709	57,0
Oppland	499	27 138	54,4
Finnmark	425	22 476	52,9
Sogn og Fjordane	196	9 977	50,9
Sør-Trøndelag	616	31 142	50,6
Østfold	1 146	55 482	48,4
Hordaland	2 031	96 509	47,5
Telemark	590	26 550	45,0
Aust-Agder	330	14 523	44,0
Akershus	2 130	90 791	42,6
Vestfold	706	29 233	41,4
Oslo	3 141	105 482	33,6
Buskerud	1 240	39 298	31,7
Vest-Agder	657	18 985	28,9
Rogaland	1 672	44 490	26,6

Kjelde: GSI.

Vedleggstabell 18. Delen av 1.-4.-klassingane med plass i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1997-1999. Prosent



	1.-4. kl	1. kl	2. kl	3. kl	4. kl
Hausten 1997	44	57	52	42	23
Hausten 1998	47	60	57	45	26
Hausten 1999	47	60	57	46	25

Kjelde: KUF og GSI.

Vedleggstabell 19. Barn per tilsett og barn per årsverk i skolefritidsordninga (SFO). Hausten 1996-1999



År	Barn	Tilsette	Årsverk	Barn per tilsett	Barn per årsverk
1996	79 318	9 177	4 321	8,6	18,4
1997	106 431	12 270	5 731	8,7	18,6
1998	116 070	13 850	6 576	8,4	17,7
1999	116 051	13 534	6 799	8,6	17,1

Kjelde: KUF og GSI.

**Vedleggstabell 20. Gjennomsnittleg maksimal foreldrebetaling per måned i skolefritidsordninga (SFO).
Hausten 1995-1999 (faste oktober- prisar)**



	Foreldrebetaling i SFO		Foreldrebetaling justert for prisvekst	
	6-14 timer per veke	15- timer per veke	6-14 timer per veke	15- timer per veke
1995	475	780	517	850
1996	507	829	543	887
1997	590	988	619	1036
1998	619	1010	634	1035
1999	740	1197	740	1197

Kjelde: KUF og GSI.

Vedleggstabell 21. Del kommunar, etter prosent barn i skolefritidsordninga (SFO). Prosent. Hausten 1997-1999



	Prosent barn i SFO					
	I alt	-29	30-39	40-49	50-59	60 -
1997	100	37	25	20	9	10
1998	100	30	21	25	13	10
1999	100	31	21	23	16	8

Kjelde: GSI.